

Nærværsplan

Rettleiar for tidleg intervensjon i Ulvik herad

Brakanes barne- og ungdomsskule

2024-2028



Brakanes

skule

Innholdsliste

Innhold

Bakgrunn.....	3
Bekymringsfullt skulefråvær	4
Rett og plikt til grunnskuleopplæring.....	4
Avklaring omgrep	4
Førekost, årsak, funksjon.....	5
Risiko- og beskyttelsesfaktorar og tidlege teikn	6
Førebyggjande tiltak mot bekymringsfullt skulefråvær	8
Plan for oppfølging og intervensjon ved bekymringsfullt skulefråvær.....	8
1: Kontakt.....	10
2: Kartlegging	10
3: Tiltak	11
4: Evaluering	11
5: Ressursteam/skulehelseteam	12
6: Tilmelding	12
Tiltak ved skulevegringsåtferd	13
Avslutning	15
Referanseliste	16
Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) - Kapittel 2. Grunnskolen - Lovdata.....	16
Vedlegg	17
Forslag til innhold til kartleggingsamtale ved bekymringsfullt skulevegringsåtferd med foresatte	18
Innhold i samtalen:.....	18
Forslag til innhold til kartleggingsamtale ved bekymringsfullt skulevegringsåtferd med elev	19
Innhold i samtalen:.....	19
Elevskjema	20
Kartleggingsverktøy – skalering	21
Kartlegging av klassen sitt sosiale miljø.....	23
Samarbeidsavtale mellom foresatte og skole	24
Status (beskrivelse av noværende situasjon):.....	24
Hovudmål:.....	24
Plan B:	24
Dagsplan	25

Bakgrunn

Born med høgt skulefråvær får ofte både faglege og sosiale utfordringar. Desse utfordringane kan igjen ha negative ringverknader i form av utvikling av psykiske vanskar, vanskar knytt til vidare utdanning og seinare arbeidsliv. Det er mange årsaker til at born ikkje går på skulen eller har vanskar for å kome eller å bli verande på skulen. Vanskane er ofte samansette og krev at dei vaksne rundt samarbeider til det beste for barnet. For å oppnå eit godt samarbeid med eit felles mål om at *elevane skal tilbake på skulen*, er det viktig med tverrfagleg samarbeid. Den viktigaste behandlinga mot skulevegringsåtferd er å få eleven tilbake på skulen så raskt som mogeleg, samstundes som ein tek omsyn til eleven sine individuelle behov. *Det er betre med litt tid på skulen enn inga tid på skulen.* Høgt skulefråvær er ikkje berre eit nasjonalt problem, men også ei utfordring i Ulvik herad. Målet er at tilsette i skulen skal oppleve å ha kompetanse til å møte skulevegringsåtferd for raskt kunna setja inn tiltak samstundes som elevane og føresette skal oppleve å bli ivaretekne.

Skulen skal arbeida med å førebyggja skulefråvær ved å arbeida med nærværstiltak som styrkjer elevens tilhørse, motivasjon og trivnad på skulen. Dette krev at skulen må arbeida systematisk med eit trygt og godt skulemiljø, som er grunnpilaren i skulen sitt arbeid med nærvær. I dette arbeidet er det viktig for elevane å ha positive relasjonar til dei vaksne på skulen, der dei får både fagleg og sosial støtte. God klasseleiing bidreg til eit godt læringsmiljø.

Dei tilsette på skulen må vere medvitne på korleis dei møter dei ulike relasjonelle behova elevane har, og skal vera med å fremja elevane si psykiske helse.

Elevmedverknad er sentralt i nærværarbeidet, og skal vera gjennomgåande i praksisen til skulen.

Brakanes barne- og ungdomsskule har skulehelseteneste, ressursteam og eit skulehelseteam som kan hjelpe elev, føresette og skulen dersom fråværet er vedvarande etter tett oppfølging frå skulen. Skulehelsetenesta skal, i samarbeid med skulen, bidra til å fylgja opp elevar som har bekymringsfullt fråvær. Frå 01.01.25 kan SPIRA barne- og familieeining gje bistand dersom fråværet vert vedvarande. Heradet har også tilbod om rettleiing frå psykolog og konsultasjonsteam.

Det er rektor sitt ansvar å gjere innhaldet i nærværplanen kjend for skulen sitt personale, gjennomføra rolleavklaringar og avklaringar på ansvar innan området.

Det er svært viktig å vere tett på og ha kompetanse til å kunna oppdaga teikn på åtferd som kan føra til skulevegring og skulk.

Ulvik herad 01.08.24

Åshild Sjøvik Underdal

Kommunalsjef oppvekst

Bekymringsfullt skulefråvær

Rett og plikt til grunnskuleopplæring

Alle born og unge som er busett i Norge har både rett og plikt til grunnskuleopplæring, jf.

Opplæringslova § 2-1. Det er føresette sitt ansvar jf. Lov om barn og føresette (Barnelova) § 30 at barna får opplæringa. (Sjå vedlegg 1 for relevant lovverk.)

Avklaring omgrep

Det vert nytta ulike omgrep for høgt fråvær: skulk, skulevegring, skulenekting, drop out, ugyldig vs. gyldig fråvær, dokumentert vs. udokumentert fråvær osv. (Havik, 2016).

- **Skulk** er eit omgrep som ofte blir brukt om ugyldig fråvær. Det er ofte relatert til *åtferdsvanskar* utan at det nødvendigvis føreligg psykiske vanskar. *Skulkerne vil ikke gå på skolen.*
- **Skulevegring** er elevar som har vanskar med å møta eller å bli verande på skulen på grunn av *emosjonelt ubehag*. *Skulevegrarane vil vere på skulen men får det ikkje til.* Det er ikkje dermed sagt at det i alle saker er like enkelt som skissert her. Studiar syner at skiljet mellom dei to formene er meir samansett (Løvereide, 2011).

I planen vil omgrepa **bekymringsfullt skulefråvær** og **skulevegringsåtferd** nyttast om kvarandre. Ved å bruka disse omgrepa får me med både tidleg intervensjon av elevar som har bekymringsfullt fråvær frå skulen og dei elevane som syner vegringsåtferd til det å gå på skulen.

Skulevegringsåtferd vert definert som elevmotivert vegring eller fråvær heile eller deler av skuledagen

1. Borte frå skulen
2. Møter opp, men forlèt skulen i løpet av dagen
3. Møter opp på skulen etter å ha vist alvorleg problemåtferd om morgonen
4. Syner stort ubehag ved å gå på skulen og ber om å få sleppe heile eller delar av dagen

(Munkhagen, 2016)

Bekymringsfullt skolefravær kan bli forklart som «fravær frå undervisningen og det sosiale fellesskapet i skolen, gyldig eller ugyldig, av et omfang/en hyppighet som medfører bekymring knytt til eleven sin faglige utvikling, og eleven sin sosiale tilhøring og utvikling.»

(Ingul, 2011)

Førekost, årsak, funksjon

Forskinga syner til ulike tal knytt til skulevegringsåtferd. Kearney (2008; sitert i Munkhagen, 2008) rapporterer 5 – 28 %, men Haavik (2016) rapporterer at 7,5 % av 6. – 10. trinns elever syner skulevegringsåtferd.

Skulevegring er ofte assosiert med angst og depresjon, men miljøfaktorar spelar også ei stor rolle. Ofte blir skulevegring sett på som ein eigen tilstand, der fokus vert retta mot eleven og ein overser de underliggjande årsakene til fråværet (Drammen kommune, 2016).

Skulevegringsåtferd startar gjerne i det små med enkelte timar eller få dagars fråvær, men kan raskt eskalera. Det er auka risiko for utvikling av skulevegring ved skulestart, ved skulebyte eller i etterkant av feriar eller ved lengre tid med dokumentert fråvær. Både jenter og gutar har skulevegringsåtferd. Forsking siner at dess eldre ein elev er når fråværet tek til, desto dårlegare er prognosane. Det er meir vegring i barneskulen, men prognosane er betre for de yngre elevane. Det er ikkje større førekost av skulevegring blant ungdom med lærevanskar. Vegrings åtferd verker å være jamt fordelt over et evnemessig spekter (Grønvold, 2014).

Det er ulike grunnar til fråvær frå skulen. Det kan være sjukdom (fysisk og psykisk som angst, depresjon, eteforstyrningar etc.), forvanskar, relasjonelle årsaker (mobbing, åtfersdvanskar, samspelssvanskar i familien; Nittedal kommune, 2014), føresettmotivert fråvær (barn som vert haldt heime av sine føresette) (Havik, 2016). Skulefråvær vil derfor ha ulike funksjonar.

Skule fråværs funksjon	
Unngå negative opplevingar:	<ol style="list-style-type: none">1. Unngå stimuli som vekkjer generell negativ affekt eller ubehag2. Unngå ubehagelege sosiale situasjonar eller evalueringssituasjonar
Oppnå positive opplevingar:	<ol style="list-style-type: none">3. Oppnå merksemd frå føresette eller viktige andre4. Oppnå goder utanfor skolen.

Oversikt basert på Kearney (2008) Sitert fra Ruud, 2016.

For å vite kva tiltak me skal implementera er det naudsynt å vita årsaka eller dei oppretthaldande faktorane til fråværet. Skulefråvær knytt til åtferd der eleven unngår skulesituasjonar har behov for andre tiltak enn skulefråvær knytt til å oppnå merksemd eller andre goder.

Ein av dei viktigaste oppretthaldande faktorane ved bekymringsfullt fråvær er det **å være borte frå skulen**. Fråvær over tid fører til at eleven fell frå både fagleg og sosialt, mange elevar isolerer seg frå skulen og mister tilhøyrslse til klassen. Fråvær over tid gjer det ofte vanskelegare og vanskelegare for eleven å koma tilbake til skulen.

Risiko- og beskyttelsesfaktorar og tidlege teikn

Bekymringsfullt skulefråvær og skulevegringsåtfærd er komplekst. Årsak er gjerne samansett der elev, familie og skule gjensidig påverkar kvarandre.

Tabell under syner døme på beskyttelsesfaktorar, risikofaktorar og tidlege teikn på utvikling av skulevegringsåtfærd og skulefråvær.

	Beskyttelsesfaktorar	Risikofaktorar	Tidlege teikn
<i>Eleven</i>	<ul style="list-style-type: none"> • God sosial kompetanse • Prososiale ferdigheiter • Minst ein god venn • Gode meistringsstrategiar • Positivt sjølvbilete • Skulefagleg meistring 	<ul style="list-style-type: none"> • Sårbarheit for stress • Sjenerte, innadvent • Psykiske vanskar • Bekymring for andre ting enn skule • Låg sosial kompetanse • Manglande tilhøyr • Få/ingen venner 	<ul style="list-style-type: none"> • Svært utrygg ved skolestart og ordinære tiltak for å trygge eleven hjelper ikkje • Snakkar aldri høgt i klassen • Snakkar ikkje eller berre med få med vaksne/medelevar • Ofte alene i friminuttet • Avhengig av at ein bestemt voksen/medelev er til stades i friminuttet • Ofte fysiske, diffuse plager/"vondtar" (hovudverk, vondt i magen, kvalm) • Uttrykker at hen er nedstemt eller redsel generelt/knytt til spesifikke situasjonar på skulen • Trekker seg tilbake frå sosiale og/eller skolerelaterte aktivitetar • Syner utagerande åtfærd, eksempelvis i kravsituasjonar • Syner motstand mot å delta eller forsøker å unngå enkelte fag, situasjonar eller aktivitetar på skolen • Kontaktar føresette eller ønsker å gå heim ila. skuledagen • Negative tankar/følelsar knytt til skule eller å forlate heimen
<i>Familien</i>	<ul style="list-style-type: none"> • God psykisk helse • Tydeleg grensesetting • Aktiv involvering i barnet sin skulekvardag • Støttande sosial nettverk • Godt heim/skule samarbeid 	<ul style="list-style-type: none"> • Samspelevanskar i familien • Psykiske lidingar hjå føresette • Manglande grensesetting • Lite sosial nettverk • Har sjølv negative erfaringar knytt til skule 	<ul style="list-style-type: none"> • Kontaktar eleven i skuletida gjentatte gonger for å forsikre seg om at eleven har det fint • Bliir værande lenge i leveringssituasjonen eller vil være med inn i klasserommet utover det som er normalt • Tar kontakt med skulen fordi eleven ikkje vil gå på skulen

Skule

<ul style="list-style-type: none">• Godt registreringssystem og oppfølging av fråvær• Tydeleg klasseleiing• Tilpassa opplæring• Trygg og god relasjon mellom lærer/elev og elev/elev• Interne støttesystem• Tidleg involvering av andre aktørar• Handlingskompetanse på intervensjon av bekymringsfullt skulefråvær	<ul style="list-style-type: none">• Mangelfulle rutinar for registrering og handtering av fråvær• Høgt lærarfråvær• Dårleg klasse- og læringsmiljø• Låg kompetanse på psykiske vanskar• Lite tilpassa opplæring• Lite føreseielegheit i undervisninga	
---	--	--

Brakkanes

Førebyggjande tiltak mot bekymringsfullt skulefråvær

Alle elever har rett på et godt fysisk og psykososialt læringsmiljø jf. Opplæringslova §12-2 Skulen pliktar å drive systematisk skulemiljøarbeid. Systematisk arbeid med eit godt psykososialt miljø på skulen kan forebygge mobbing, auke sosial kompetanse og auka trivsel og inkludering på skulen. Ein gjennomgang av litteratur syner at følgjande faktorar vert vektlagt som førebyggjande tiltak mot bekymringsfullt skulefråvær:

- Et godt system for fråværsregistrering («Fange opp»)
- Et miljø prega av føreseielegheit og tryggleik
- God lærar – elev relasjon
- Godt psykososialt læringsmiljø
- Tilrettelegging i overgangar
- Eit godt samarbeid mellom skule og heim (for eksempel open dialog, informasjon)
- Tilpassa opplæring


På Brakanes skule skal nærværplanen verta gjennomgått på planleggingsdagar ved oppstart av kvart skuleår. Nærværplanen skal presenterast og informerast om på alle foreldremøter kva haust. Rektor har ansvar for at dette vert gjennomført.

Plan for oppfølging og intervensjon ved bekymringsfullt skulefråvær

Alt elevfråvær ved Brakanes skule skal registrerast dagleg i Visma. Gjeld også minuttar for seint til time eller til skulen. På bakgrunn av fråværsregistrering i Visma, kan elevar som syner teikn til utvikling av bekymringsfullt fråvær raskt identifiserast. Det er grunnlag for bekymring dersom éin eller fleire av følgjande er tilfelle:

- Éin enkelttime eller dagar med udokumentert fråvær
- Kjem 5 minutt eller meir forseint til skulen eller til timen 10 gonger i løpet av 1 mnd.
- Møter opp på skulen, men forlèt den igjen
- 20 % fråvær over 4 veker som ikkje skuldast kjend sjukdom
- Hyppige toalettbesøk, eller tek «pausar» frå undervsining

Dersom det er grunnlag for bekymring skal heimen kontaktast og det skal lagast ein plan for oppfølging og intervensjon. Planen bør bestå av fylgjande trinn:



1: Kontakt

1

Kontakt

Kontaktlærer tek kontakt med føresette og har samtale med eleven. Er det framleis grunn til bekymring etter kontakt med føresette?

- **Ansvar:** Kontaktlærer
- **Tidsperspektiv:** Når en elev viser éin eller fleire av punkta ovanfor

Hensikten med kontakten er å informera om fråværet og undersøkje om det føreligg konkrete årsaker til at eleven har vore/er borte frå skulen. Det kan vere fleire grunnar til at fråværet gjev grunn til bekymring, f.eks. at eleven har skulka, at føresette strever med å få eleven på skulen om morgonen eller at eleven gruer seg til noko på skulen. Dersom eleven sitt fråvær er bekymringsfullt bør kontaktlærer gå til trinn 2 og avtala møte med føresette og elev for å kartleggja moglege årsaker og tiltak. All kontakt skaloggførast/dokumenterast i eleven si mappe.

Dersom det er høgt dokumentert fråvær som skuldast helsemessige årsaker kan det være aktuelt å be om legeattest jf. Veileder "Barn som ikke møter på skolen – for skoler og skoleeiere" frå Utdanningsdirektoratet. "Skolen kan kreve legeerklæring for langvarig fravær, og foreldrene og elever kan kreve at sykdomsfravær ikke føres på vitnemålet." Føresette må samtykke til samarbeid med fastlege. Dersom føresette og/eller kontaktlærer vurderer fråværet som bekymringsfullt, skal leiinga informerast.

2: Kartlegging

2

Kartlegging

Kartleggingssamtale med kontaktlærer, leiinga, føresette og eventuelt elev. Utføra kartlegging av elev (eventuelt klasse miljø). Laga samarbeidsavtale.

- **Ansvar:** Kontaktlærer
- **Tidsperspektiv:** ila 2 veker etter kontakt

Når det er bekymring for fråværet må situasjonen kartleggast. Det er avgjerande at *barnet si stemme blir høyr*t, og difor skal eleven som hovudregel være til stades under samtalen. Kontaktlærer inviterer elev, føresette og representant frå leiinga til ein kartleggingssamtale. Mal for kartleggingssamtale med føresette kan brukas (sjå vedlegg 2). Dersom det er vanskeleg for eleven å delta i kartlegginga, kan ein setja raskare saksgang og involvere ressursteam og helsesjukepleiar tidlegare.

Dersom eleven ikkje er til stades på møte, skal leiinga sjå til at eleven blir høyrt. Kontaktlærer

har ansvar for å gjennomføra kartleggingsamtale med eleven. Dette bør om mogeleg gjerast i forkant av møtet, då det er viktig at elevne si stemma blir høyrte. Mal for kartleggingsamtalen til eleven kan brukas (sjå vedlegg 3), eller eit forenkla elevskjema (sjå vedlegg 4). Kartlegging av klassen sitt miljø skal gjerast to gonger i året (sjå vedlegg 6). Resultata frå denne og spørreundersøkinga kan brukast.

Det vil i nokon tilfelle være aktuelt for rektor å fatte enkeltvedtak jmf. Opplæringslova § 12-2 som handlar om elevane sin rett på eit godt fysisk og psykososialt læringsmiljø. Heradet har eigen mal for enkeltvedtak jf. ny **Opplæringslov pr 1. august 2024**. Der det viser seg at rektor har grunnlag for å fatta vedtak basert på § 12-2, skal samarbeidsavtalen brukas som tiltak (sjå vedlegg 7).

3: Tiltak

3

Tiltak

Setja i verk tiltak basert på kartlegginga. Involvera helsesjukepleiar og evt kartleggja helserelaterte årsaker til fråvær.

- **Ansvar:** Kontaktlærer og leiing
- **Tidsperspektiv:** 4 veker

Basert på kartlegginga vert det sett inn tiltak. Tidleg intervensjon og høg intensitet på tiltaka er viktig for å redusera fråværet. Helsesjukepleiar skal verte involvert på dette nivået for å *sikra heilskapleg ivaretaking av eleven* og nyttiggjera mogleg relevant informasjon og kompetanse skulehelsetenesta har.

Samtykke frå føresette må vera på plass.

Den avgjerande faktoren for at tiltak lukkast er samarbeid mellom dei involverte. Ein samarbeidsavtale (sjå vedlegg 7 for forslag) som tydeleg syner *kven* som skal gjere *kva* og til *kva tid*, er viktig. Samarbeidsavtalen tek utgangspunkt i eit langsiktig mål. Delmål med tilhøyrande tiltak er avgjerande for å nå det langsiktige målet. Samarbeidsavtalen har plass til en plan B. Dette er viktig dersom den oppsette planen ikkje går som forventa eller ønska. Samarbeidsavtalen skal evaluerast etter 4 veker, eller tidlegare dersom plan B må iverksettast. Dette må vurderast fortløpande av kontaktlærer og rektor som har oversikt over eleven sitt fråvær. Det kan også være nyttig å utforma ein dagsplan, som beskriv *kva* som skjer, når det skjer og *kven* som har ansvar i løpet av ein dag (sjå vedlegg 8 for forslag).

Samarbeidsavtalen består av:

- Eit langsiktig mål
- Eit eller fleire delmål
- Dei konkrete tiltaka
- Ein evalueringsdel

4: Evaluering

4

Evaluering

Evaluera tiltaka som har vært sett i verk, delmål og langsiktig mål. Leinga har ansvar for å kalle inn til evalueringsmøte i samarbeid med kontaktlærer

- **Ansvar:** Kontaktlærer og leing
- **Tidsperspektiv:** etter 4 veker med tiltak

Evalueringsdelen skal tydeleggjere om delmåla er nådd og samtidig om tiltaka har vore effektive og riktige. Det er viktig at eleven ikkje vert utsett igjen og igjen for tiltak som ikkje verker. Det er viktig at også Plan B vert evaluert. Evalueringa kan føre til at det er behov for å setja inn nye tiltak, fortsett med fokus på årsaker og faktorar som kom frem under trinn 2, kartlegginga. Dersom fråværet held fram setter at tiltak har vært sett i verk og evaluert, kan ressursteam eller skulehelseteam kontaktast.

5: Ressursteam/skulehelseteam

5

Ressursteam/
Skulehelseteam/
SPIRA

På bakgrunn av evaluering, involvera ressursteam, skulehelseteam eller SPIRA.

- **Ansvar:** Kontaktlærer og leing
- **Tidsperspektiv:** Dersom liten effekt av tiltak

Ressursteam er sett saman av spesialpedagogar, miljøterapeut og leing. Skulehelseteam er sett saman tverrfaglig av PP-tjenesta, barneverntjenesta, skulehelsetjenesta, (SPIRA), kommunepsykolog og leing.

6: Tilmelding

6

Tilmelding

Tilmelde instansar til helse, BVT, BUP, PPT, SPIRA Koordinere hjelpetilbod. Vurdere alternative opplæringsarenaer og opplæringstilbod.

- **Ansvar:** Kontaktlærer og leing
- **Tidsperspektiv:** 4-12 veker

Dersom tiltaka ikkje har ført til dei endringane som ble sett som mål i samarbeidsavtalen og støtte, bør det meldast vidare til SPIRA, BUP, psykolog og/eller andre instansarsom vert vurdert i samråd med føresette.

«Barn og unge har plikt til grunnskoleopplæring, og rett til ein offentleg grunnskoleopplæring i samsvar med denne lova og tilhøyrande forskrifter(...)Dersom ein elev, utan å ha rett til det, har fråvære frå den pliktige opplæringa, kan foreldra eller andre som har omsorg for eleven, straffast med bøter dersom fråværet kjem av at dei har handla forsettleg eller aktaust.»

Tiltak ved skulevegringsåtfærd

For at dei rette tiltaka skal verta sett inn er det viktig at skulen har hatt samtale med elev og føresette og teke ei grundig kartlegging. Det er viktig med intervensjon så tidleg som mogleg. Forsking viser at heimeundervsining ikkje vert tilrådd, då det kan vera med på å oppretthalda eleven si skulevegring. Legeerklæring og sjukemeldingar kan også være med på å legitimera fråværet, og føra til at fråværet blir langvarig.

Tiltaka bygger på *Bekymringsfullt skolefravær. Veileder for tidlig intervensjon og tverrfaglig samhandling i Drammen kommune*, utarbeidet av Skulevegringsgruppa, Senter for Oppvekst (2016), samt erfaringar med elevar med bekymringsfullt skulefråvær.

- Kartlegg eleven sin sosiale og faglege situasjon
- Start tiltak som verkar minst mogleg stigmatiserande, bruk skjønn. Kva treng akkurat denne eleven? (elevar med denne type vanske vil som regel ikkje skilje seg ut)
- Ha open dialog med eleven og føresette
- Fokuser på å bygge trygge relasjonar mellom elev og vaksenperson på skulen ("relasjon er viktigare en profesjon")
- Føreseieleg og struktur
- Bli møtt av ein fast person på morgonen
- Daglege/jamlege samtaler med ein trygg vaksen
- Fokuser på fag som elevn meistrar og sørg for fagleg tilpassa opplæring
- Førebu og gje informasjon om endringar i dagsrutinar. Ofte er «anneleisdagar» vanskeleg for elevar med denne type vanskar
- Gjer avtale med eleven om kven den kan ta kontakt med dersom eleven er redd, stressa, engsteleg etc.
- Gjer avtale med eleven om å sleppe presentasjonar, svara munnleg, prøvar ol. for en periode/lengre tid
- For elevar med trong for gradvis tilbakeføring til skulen, kan det til dømes verta gjeven opplæring i form av nokre timer per dag, individuelt på skulen eller i lita gruppe
- Informer klassen om eleven sitt fråvær (kun med samtykke frå eleven og føresette), og avtal kva slags informasjon lærar skal gje
- Systematisk arbeid med klassen sitt psykososiale miljø
- Oppretthald positiv kontakt med elev og medelever (besøk, brev, SMS/telefonkontakt, oppfordre elever til å oppsøke elev på fritid etc.)
- Plassering i klasserommet og samarbeid, la eleven velja sjølv kven den vil arbeida med
- Faste sosiale aktivitetar i friminutta og kven som et saman i lunsjen
- Sørg for at eleven har nokon å gå til/frå skolen, undersøk om buss transport er eit problem

- Tett samarbeid mellom heim og skule. Bruk visma appen, e-post (husk ikkje konfidensiell informasjon), telefonsamtalar, samarbeidsmøte
- Informer føresette om bekymringsfullt skulefråvær, skulen sine prosedyrar
- Gje støtte til føresette og trygg dei på at skulen gjer det det kan for at eleven skal ha det bra
- Gje informasjon til føresette om korleis dagen har gått og korleis skulen har planlagt neste dag
- Lag samarbeidsavtale

- Begge føresette må være tydelege på at barnet skal på skulen, samtidig som dei tryggjar barnet.
- Vis barnet at du bryr deg og forstår det er vanskeleg, og at de saman skal arbeida for at hen skal få til å gå på skulen
- Oppretthald ein fast og tydeleg døgnrytme heime, også om hen ikkje går på skulen (hen skal utføra skulefaglege aktivitetar)
- Ha fast rutine på morgonen
- Barnet bør ikkje få tilgang til TV, PC spill osv. når hen er heime frå skulen
- Føresette si tilstedeværelse i heimen på dagtid kan forsterka fråværet til barnet. Føresette bør prøva å vera ute av heimen ein periode
- Gje ros og belønning ved oppnådde delmål
- Motiver barnet og hjelp det til å ta kontakt med andre born (helst jamnaldrande) på fritida
- Gjer hyggelege ting med barnet utanfor skuletid
- Hald fram med fritidsaktivitetar

Avslutning

For å redusera tal elevar med bekymringsfullt skulefråvær er det viktig skulen jobbar førebyggjande. Det skal være ein låg terskel for å ta kontakt med heimen ved bekymring. Dei elevane som strevar med bekymringsfullt skulefråvær er avhengig av at det er et godt samarbeid mellom dei som er ein del av kvardagen deira. Ein god handlingsplan ved bekymring er med på å fanga opp og støtta dei elevane som strevar. Tydelege mål og tiltak der alle involverte partar deltek, er sentralt for effekten av det arbeidet som vert lagt ned for å nå det overordna målet om at eleven skal auka nærvær og tilstedeværelse på skulen.

Referanseliste

[Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa \(opplæringslova\) - Kapittel 2. Grunnskolen - Lovdata](#)

[Forebygge og følge opp bekymringsfullt fravær fra skolen | udir.no](#)

[Utdanningsdirektoratet foreslår nye tiltak mot skolefravær | udir.no](#) (SIST ENDRET: 02.11.2023)

Drammen Kommune (2016) *Bekymringsfullt skolefravær. Veileder for tidlig intervensjon og tverrfaglig samhandling i Drammen kommune, Skolevegringsgruppa, Senter for Oppvekst.*

[Skolevegring - NHI.no](#)

Grønvold, H. (2014) *Skolevegring en hetrogen gruppe?* Bodø 21.10.2014.

Havik, T. (2018). *Skolefravær. Å forstå og håndtere skolefravær og skolevegring.* Oslo: Gyldendal akademisk.

Havik, T. (2016) *Bekymringsfullt fravær – Årsaker og tiltak.* Drammen 12.02.2016.

Løvereide, S. (2011): *Forskning om skolevegring.* I: Spesialpedagogikk nr. 4 s. 16-23.

Nittedal kommune (2014), *Alvorlig skolefravær – Veileder for forebygging og oppfølging, Pedagogisk-Psykologisk tjeneste i Nittedal kommune.*

[Meld. St. 6 \(2019–2020\) - regjeringen.no](#)

[Bekymringsfullt fravær: Skolehelsetjenesten bør, i samarbeid med skolen, bidra til å følge opp elever med bekymringsfullt fravær - Helsedirektoratet](#)

[One-size-fits-all-PDF-DIGITAL.pdf \(barneombudet.no\)](#)

[Samhandling med skole - Helsedirektoratet](#)

Vedlegg

1. Relevant lovverk
2. Forslag til innhald til kartleggingssamtale ved bekymringsfullt skolefravær - foresatte
3. Forslag til innhald til kartleggingssamtale ved bekymringsfullt skolefravær - elever
4. Elevskjema
5. Kartleggingsverktøy – skalering
6. Kartlegging av klassen sitt sosiale miljø- SPEKTER
7. Samarbeidsavtale mellom foresatte og skolen
8. Dagsplan
9. (Retningslinjer- føring av fravær - vert lagt til hausten 2024)

	Ansvarsområder	Relevant lovverk
Skole	<ul style="list-style-type: none"> Barn og unge har rett til offentlig grunnskoleopplæring. Barn og unge har rett til et godt skolemiljø som fremmer helse, trivsel og læring. Skolen skal legge til rette for et skolemiljø som fremmer læring og trivsel, samt som er trygt for elevene. Den enkelte elev har rett til tilpasset opplæring og særskilt tilpasset opplæring. Skolen skal høre og ta hensyn til barnets stemme. Skolen skal sørge for samarbeid med hjemmet. Tiltak knyttet til alvorlig skolefravær stiller krav til bl.a. skriftlighet, begrunnelse, underretning og utredning. Ved alvorlig skolefravær skal rektor fatte enkeltvedtak iht. relevant lovverk. Skolens ansatte plikter å melde fra dersom de er vitne til at elever ikke har det bra på skolen. Ansatte kan straffes med bøter dersom de forsømmer dette ansvaret. 	<p>Opplæringsloven § 2-1</p> <p>Opplæringsloven § 9a-1 Opplæringsloven § 9a-3 Opplæringsloven § 9a-4 Opplæringsloven § 1-2 Opplæringsloven § 1-3</p> <p>Opplæringsloven § 1-1 og § 13-3d</p> <p>Barnekonvensjonen artikkel 12</p> <p>Forvaltningsloven § 17</p> <p>Forvaltningsloven § 17, 23, 24 og 27</p> <p>Opplæringsloven § 9a-3</p> <p>Opplæringsloven § 9a-7</p>
Hjem	<ul style="list-style-type: none"> Barn og unge har rett og plikt til grunnskoleopplæring. Foresatte kan straffes med bøter dersom de forsømmer dette ansvaret. Foresatte har ansvaret for å sørge for at deres barn får utdanning etter deres evner og forutsetninger. Foresatte må levere skriftlig melding til skolen hvis en elev er fraværende, og søke om permisjon ved ønske om at elever skal være fraværende fra skolen utenom angitte ferier. 	<p>Opplæringsloven § 2-1</p> <p>Lov om barn og foresatte § 30</p> <p>Opplæringsloven § 2-11</p>
Elev	<ul style="list-style-type: none"> Barn og unge har rett og plikt til grunnskoleopplæring. Fravær kan få konsekvenser for ordenskarakteren. Fravær føres på vitnemålet. 	<p>Opplæringsloven § 2-1</p> <p>Opplæringsloven § 3-5</p> <p>Opplæringsloven § 2-11 Forskrift til opplæringsloven § 3-41</p>

Forslag til innhold til kartleggingsamtale ved bekymringsfullt skulevegringsåtferd med føresatte

Start samtalen med å:

- fortelja om skulen si bekymring for eleven si skulevegringsåtferd
- gje informasjon om omfanget av eleven sitt fråvær
- gje informasjon om at eit godt samarbeid mellom føresette, skule og elev er viktig for å kunne setta inn riktige tiltak som vil redusera skulefraværet
- gji informasjon om skolen sin prosedyre i høve til skulefråvær
- informer om at elevar har opplæringsplikt, skulen har ansvaret for at elevane har ein god skulehverdag og føresette skal sørge for at elevane kjem på skolen

Innhald i samtalen:

- Spør føresette om deira oppleving av eleven si skulevegringsåtferd: opplever dei at eleven har det vanskeleg? Kan det være spesielle årsaker til at barnet ikke vil på skulen? Kan det være forhold på skolen, hjemme eller andre steder som fører til fravær? Er det helsemessige årsaker knytt til vanskane?
- Spør føresette om dei har forslag til tiltak/tilpassningar som dei tenker kan hjelpa barnet deira til å komme på skolen.
- Lag ein samarbeidsavtale med skildring av tiltak og ansvar (Kven gjer kva?) (sjå vedlegg for forslag til samarbeidsavtale og veileidar for forslag til tiltak)
- Avtal nytt møtetidspunkt for evaluering av samarbeidsavtalen

Forslag til innhald til kartleggingsamtale ved bekymringsfullt skolevegringsåttferd med elev

Start samtalen med å:

- Skap ein trygg og open dialog
- Sørg for at elevene forstår at formålet med samtalen ikkje er å «ta» eleven, men å uttrykk bekymring for eleven si skolevegringsåttferd og ynske om å hjelpa eleven til å vera på skulen
- Informer eleven om vegen vidare, dialog med føresette, eventuelt andre samarbeidspartnarar

Innhald i samtalen:

- Undersøk eleven sin oppleving av skulekvardagen. Bruk gjerne kartleggingsverktøyet *SPEKTER* eller ta utgangspunkt i timeplanen.
 - Kva fag/aktivitetar på skulen likar du? Kva fag/aktivitetar liker du ikkje?
 - Kven vaksne likar du å vera saman med? Kven vaksne er vanskelig å vera saman med?
- Undersøk eleven sitt sosiale nettverk på skulen og fritid.
 - Korleis kjem du deg til skule? Har du nokon å gå med/sitte saman med på bussen?
 - Korleis har du det i friminuttane? Har du nokon å vera saman med på skulen?
 - Har du opplevd å bli plaga eller mobba av andre elevar?
- Undersøk eleven sin aktivitetar når hen ikkje er på skulen
 - Ved fråvær: kva gjer du når du er heime fra skulen? Er det nokon heime saman med deg?
- Undersøk eleven si egen oppleving av skulevegringsåttferd og fråvær
 - Er det noko du skulle ynska var annerleis på skulen? Er det noko som kan gjera det enklare for deg å kome på skulen/bli der?
 - Kva kan foreldra dine, lærerne dine, elevene gjera for at skal bli blir lettere for deg å vera på skulen?
 - Kva kan du gjera sjølv?
 - Har noko skjedd h på skulen eller utanfor skuletid som gjer at du har det vanskeleg?

Avslutting av samtalen:

- Gje ei kort oppsummering av innhaldet i samtalen

Elevskjema

Henta frå «Hver dag teller». Veileder for skolefravær – Vollebekk skole.

«Ved hjelp av dette skjema kan mulige årsaker til skolefraværet avdekkes. Dette er eksempler på årsaker og kan gi innsikt av betydning for hvilke tiltak som bør iverksettes. Her kan det også legges til andre potensielle årsaker. Rubrikken uten tekst kan benyttes som «annet» ettersom det kan være det er andre årsaker enn de representert. Med utgangspunkt i hva eleven svarer, kan det stilles oppfølgingsspørsmål».

Til eleven;

Det er du sjøvl som sit med den aller viktigaste informasjonen om forklaringar til fråværet. Det er viktig at du er så ærlig du kan i denne samtalen.

Kvar boks skal fyllast ut kvar for seg. Ved å fylla boksen med farge, viser du i kor stor grad kvar enkelt forklaring gjeld for nettopp deg og fråværet ditt. Du kan også tenkja at kvar boks er 100% /heil del og vis kor mange prosent/del du tenkjer boksen er fylt.

NOKO PÅ SKULEN VERT OPPLEVD VANSKELIG	FYSISK VANSKE/ SJUK- DOM	PSYKISK VANSKE
HENG LANGT ETTER FAGLEG	VELG EN ANNAN AKTIVITET	VANSKAR MED SOSIAL / VENNER
PROBLEM HEIME	SØVN- PROBLEM	


Kartleggingsverktøy – skalering

«Vedlagt finner du kartleggingsverktøyet skalering. Denne kan brukes for å identifisere elevens opplevelse av ulike elementer ved skolehverdagen. Det anbefales å skrive ut skaleringsverktøyet i stort format slik at det blir enkelt for eleven å fordele hver rubrikk på den enkelte søyle. Det finnes rubrikker uten tekst på slik at man kan tilpasse rubrikker til den enkelte elev».

10 betyr likar veldig godt medan 1 er likar absolutt ikkje.

Fag	Valgfag	Funksjon 1	Jobbe individuelt
Matte	Fremmedspråk	Gå inn i skolegården	Funksjon 2
Engelsk	Gym - gymsal	Gå inn når det ringer	Ha prøver i klassen
Norsk	Gym - ute	Ta buss til skolen	Ha prøver på gruppe
Samfunnsfag	Gym – skifte i garderobe	Gå til skolen	Ha prøver individuelt
RLE	Gym - dusje	Bli kjørt til skolen	Lese høyt i klassen
Naturfag	Lærere	Gå hjem fra skolen	Lese høyt på gruppe
Kunst og håndverk	Lærer 1	Bruke skolens toalett	Lese høyt alene for lærer
Mat og helse	Lærer 2	Være i klasserommet	Be lærer om hjelp
Musikk	Lærer 3	Være i liten gruppe	Friminutt

Svare på spørsmål muntlig i klassen	Spise i klassen	Funksjon 3	
Svare på spørsmål muntlig i gruppe	Snakke med medelever på skolen	Forlate mor/far om morgenen	
Svare på spørsmål alene med lærer	Snakke med voksne på skolen		
Samarbeide med medelever	Presentere noe alene for lærer		
Presentere noe for klassen	Presentere noe i gruppe		



Kartlegging av klassen sitt sosiale miljø

Skolen skal gjennomføra elevundersøkinga ein gong i året (nasjonalt og anonymt) og SPEKTER

(navngitt) 6 veker etter skulestart og ca. 6 veker ut i nyåret. Ved spessiale behov kan ein bruka ein

spørjeundersøking om klassemiljøet, vedlagt er et utkast.

Utsagn	Helt enig	Litt enig	Litt uenig	Uenig
Det er fint å hjelpe hverandre i denne klassen				
Bare noen få elever gjør som lærerne sier				
Det er populært å være flink på skolen i denne klassen				
Det er lett å samarbeide med andre i denne klassen				
Jentene i denne klassen gjør meg utrygg				
Guttene i denne klassen gjør meg utrygg				
Å samarbeide med klassekameratene er fint				
Det er en del gjenger/klikker i denne klassen				
Det er mye uro/brå i denne klassen				
Det skjer at noen blir mobbet eller holdt utenfor i denne klassen				
Jeg har blitt mobbet eller holdt utenfor i denne klassen				
Jeg har mange venner i klassen				
I klassen kan jeg være meg selv				
De andre i klassen hjelper meg hvis det er noe jeg ikke forstår/får til				
Klassekameratene mine bryr seg om hvordan jeg har det				

Samarbeidsavtale mellom foresatte og skole

Målestnaden med denne samarbeidsavtalen er å synleggjere tiltak og ansvar i forhold til eleven sin rett og plikt til opplæring. Formålet med sam arbeidsavtalen er å finna tiltak saman slik at skulefråværet til eleven vert redusert.

I dei aller fleste tilfeller vil derfor hoved- målet verta relatert til eleven sitt oppmøte på skulene i alle timar og dagar.

Elev:

Brakanes barne- og ungdomsskule

Klasse:

Status (beskrivelse av noværende situasjon):

.....

Hovudmål:

.....

Delmål	Tiltak	Ansvar	Frist

Plan B:

.....

Dagsplan

For nokon born vil det vera ein fordel å laga ein dagsplan som konkret skildra kva som skjer, når det skjer og kven som har ansvar.

Tidspunkt	Kvar	Kva skjer	Ansvar
00:00 -05:00			
06:00			
07:00			
08:00			
09:00			
10:00			
11:00			
12:00			
13:00			
14:00			
15:00			
16:00			
17:00			
18:00			
19:00			
20:00			
21:00			
22:00			
23:00			
24:00			